



## Møteprotokoll for Kommunestyret

**Møtedato:** 28.04.2016

**Møtestad:** Kommunestyresalen

**Møtetid:** 09:00 - 15:30

Det vert servert lunch.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordførar
Frode Langhelle	H	Medlem
Bjarte Andvik	H	Medlem
John Torsvik	H	Medlem
Atle Nordland	H	Medlem
Wenke Fredheim Ekren	H	Medlem
Torill Torsvik Størkersen	AP	Varaordførar
Arthur Reidar Sjursen	AP	Medlem
Jon Hope	Krf	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem
Wenche Dåe	Sp	Medlem
Egil Kvingedal	V	Medlem
Janne Judith K. Sandnes	Frp	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Lene Hansen Kvamsdal	H	Medlem
Ragnvald Tangedal	AP	Medlem
Bjørn Egil Nordland	AP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Hildegunn Bjånes	AP	Bjørn Egil Nordland
Elin Eikemo	AP	Ragnvald Tangedal
Terje Myrvang	H	Lene Hansen Kvamsdal

---

### Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsgen og rådgjevar Anne Kristin Rafoss som førte møteboka.

---

## Sakliste

Saknr	Tittel
019/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
020/2016	Godkjenning av møtebok
021/2016	Kommunereforma - vurdering av Masfjorden som eigen kommune i framtida
022/2016	Kommunereform - status utgreiingsalternativa pr. april 2016
023/2016	Tilstandsrapport for grunnskulen 2014-15
024/2016	Kompetanseutviklingsplan for skulane 2016-19
025/2016	Framlegg til reguleringsendring Storkupa hyttefelt i Stordalen
026/2016	Revisjon av alkoholpolitisk handlingsplan for 2016 - 2020
027/2016	Oppatnyng av salsløyve for alkohol for perioden 2016 - 2020
028/2016	Oppatnyng av skjenkeløyver for perioden 2016 - 2020
029/2016	Samarbeidsavtale om administrativt vertskommunesamarbeid innanfor felles bestandsplanområde for hjort i Gulen og Masfjorden kommune
030/2016	Takstvedtekter for sakkunning nemnd og sakkunning klagenemnd - eigedomsskattepliktige eigedommar i Masfjorden kommune
031/2016	Val av felles sakkunning nemd og felles klagenemnd for eigedomsskatt - Masfjorden kommune og Modalen kommune
032/2016	Årsmelding kraftfondet 2015
033/2016	Forvaltningsrevisjon
034/2016	Finansrapportering pr. 31.12.2015
035/2016	Årsmelding for Masfjorden kommune 2015
036/2016	Årsrekneskap 2015 - Masfjorden kommune
037/2016	Referatsak
1	Masfjorden kontrollutval - møteutskrift og særutskrift frå møtet 18.04.16

---

Etter oppmoding frå Eldrerådet var ein kvardagshelt innkalla til å møte ved starten av kommunestyret. Kommunestyret markerte med blomar og takk den innsatsen Anne Marit Neverdal gjorde då ein billist var uheldig å køyre utfor vegen og hamna i Frøysetelva i mars.

## **019/2016: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjend

### **28.04.2016 KOMMUNESTYRET**

Det vart gjort framlegg om Egil Kvingedal (V) og Hildegunn Bjånes (Ap) til å skrive under møteboka.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **KS - 019/2016 VEDTAK:**

Innkalling og sakliste vert godkjend

---

## **020/2016: Godkjenning av møtebok**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møtebok vert godkjend.

### **28.04.2016 KOMMUNESTYRET**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **KS - 020/2016 VEDTAK:**

Møtebok vert godkjend.

---

## **021/2016: Kommunereforma - vurdering av Masfjorden som eigen kommune i framtida**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Etter ei samla vurdering av dei oppgåvane kommunane har i dag, nye oppgåver som er signalisert til kommunane (oppgåvemeldinga), økonomisk grunnlag (noverande inntektssystem og høyringsforslag nytt inntektssystem, kor geografiske tilhøve med store avstandar gjer at Masfjorden får behalde basistilskotet fullt ut), gjer at utgreiingsalternativet å halde fram som eigen kommune er realistisk og eit godt alternativ.

#### Tenester

- Masfjorden kommune yter gode kommunale tenester med høg brukartilfredsheit
- Brukarnære tenester kan løysast av Masfjorden kommune i eigenregi, som barnehage – skule – lege – helsetenester – heimehjelp – sjukeheim – kultur – kulturskule – tekniske tenester etc.
- Spesialiserte tenester og funksjonar kan dekkast gjennom noverande interkommualt samarbeid, med god erfaring som innan IKT – legevakt – barnevern – brann og redning, renovasjon etc.
- Masfjorden skal arbeide for best mogleg tilbod kor stat og fylkeskommune har ansvaret – vegar, og realsering av Masfjordsambandet/bru – vegar - regional utvikling - politi – ambulanse etc.

#### Samfunnsutvikling

- Masfjorden – vekst i folketalet dei seinare år, kraftig vekst i distriktsindeksen som grunnlag av ei positiv samfunnsutvikling.
- Masfjorden kommune skal syta for framtidsretta samferdselsføremål, arealplanlegging, bustadbygging i takt med behov, næringsutvikling etc.
- Samarbeida med nabokommunane for å komma fram til gode regionale løysingar

#### Lokaldemokrati

- Sikre nærleik, lokal representasjon og engasjement med å halde fram med 17 medlemmer i kommunestyret og 5 i formannskapet
- Reell innbyggjarmedverknad

#### Økonomi

- Masfjorden har god økonomi og økonomistyring
- Arbeide for inntektssystem som sikrar ulempedekking for avstandar og distrikt
- Arbeide for å sikre kraftkommunane sine rettar
- Arbeide for å sikre effektiv drift
- Forslag til nytt inntektssystem, des. 2015. Ut i frå signal før høyringa vart lagt fram, kunne bortfall av småkommunetilskot og basistilskot reknast med – i sum utgjer desse forholda nær 20 mill.kr., og dette i ein periode med nedgang i kraftprisane ville dette ha gjort det vanskeleg å halde fram som eigen kommune.

Høyringsforslaget inneber m.a. at Masfjorden vert definert som ufrivillig liten kommune, då det er lange avstandar for å nå større sentra, og får behalde basistilskotet fullt ut. KS har kalkulert endringsframlegget til å medføre ein nedgang med 0,5 mill.kr. for Masfjorden

- Arbeidsgjevaravgift, uendra sone ved å stå som eigen kommunen (+ evt. Gulen), auka kostnad med 4-7 mill.kr. om ein inngår i Nordhordland kommune
- Egedomskatt, usikkerheit, men her kan det bli både + og – i høve no situasjonen

#### **19.04.2016 ADMINISTRASJONSUTVALET**

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte. Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå administrasjonsutvalet:

Administrasjonsutvalet tek framlegg til vedtak til vitring, og tilrår at alternativet å halde fram som eigen kommune vert lagt fram til folkerøysting.

#### **Røysting:**

Framlegg til vedtak frå administrasjonsutvalet vart samrøystes vedteke.

#### **AU - 004/2016 VEDTAK:**

**Administrasjonsutvalet tek framlegg til vedtak til vitring, og tilrår at alternativet å halde fram som eigen kommune vert lagt fram til folkerøysting.**

#### **19.04.2016 FORMANNSKAPET**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Formannskapet jobba fram følgjande framlegg til vedtak :

Formannskapet tar rådmannen sitt framlegg til vedtak til vitring og legg alternativet å stå åleine til i folkerøystinga 23.mai.

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

#### **FS - 049/2016 VEDTAK:**

Formannskapet tar rådmannen sitt framlegg til vedtak til vitring og legg alternativet å stå åleine til i folkerøystinga 23.mai.

## **28.04.2016 KOMMUNESTYRET**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Jon Hope (KrF) la fram følgjande framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek rådmannen si utgreiing til vitring, og tilrår at å halde fram som eigen kommune vert eitt av alternativa ved folkerøystinga 23.mai.

Det vart i møte viste til at vedtaka i saka frå administrasjonsutvalet og formannskapet hadde ulik formulering. Kommunestyret samla seg om at vedtaket frå administrasjonsutvalet var den beste formuleringa og kom fram til følgjande framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek framlegg til vedtak til vitring, og tilrår at alternativet å halde fram som eigen kommune vert lagt fram til folkerøysting.

### Røysting:

Framlegg til vedtak jobba fram i kommunestyret vart samråystes vedteke.

### **KS - 021/2016 VEDTAK:**

**Kommunestyret tek framlegg til vedtak til vitring, og tilrår at alternativet å halde fram som eigen kommune vert lagt fram til folkerøysting.**

---

## **022/2016: Kommunereform - status utgreiingsalternativa pr. april 2016**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

#### **28.04.2016 KOMMUNESTYRET**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Kommunestyret samla seg om at den underskrivne intensjonsavtale mellom Gulen og Masfjorden vart godkjent som eit av alternativa.

Kommunestyret samla seg om at ein skal ha tre alternativ på røystesetelen.

Kommunestyret samla seg om at ein skal ha ein røystesetel for kvart alternativ med moglegheit for å krysse på kva alternativ ein ønskjer skal kome på 2.plass i folkerøystinga.

#### Røysting:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **KS - 022/2016 VEDTAK:**

Kommunestyret samla seg om at den underskrivne intensjonsavtalen mellom Gulen og Masfjorden vart godkjent som eit av alternativa.

Kommunestyret samla seg om at ein skal ha tre alternativ på røystesetelen.

Kommunestyret samla seg om at ein skal ha ein røystesetel for kvart alternativ med moglegheit for å krysse på kva alternativ ein ønskjer skal kome på 2.plass i folkerøystinga.

---

## **023/2016: Tilstandsrapport for grunnskulen 2014-15**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

**Kommunestyret har gjort seg kjend med tilstandsrapporten for grunnskulen i Masfjorden for skuleåret 2014-15 og tek rapporten til orientering med følgjande merknader:**

### **19.04.2016 FORMANNSKAPET**

Ordførar Karstein Totland (H) orientert kort og saka vart drøfta.

Rådgjevar Alf Strand møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 042/2016 VEDTAK:**

**Kommunestyret har gjort seg kjend med tilstandsrapporten for grunnskulen i Masfjorden for skuleåret 2014-15 og tek rapporten til orientering med følgjande merknader:**

### **28.04.2016 KOMMUNESTYRET**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Rådgjevar for oppvekst Alf Strand møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Torill Torsvik Størkersen (Ap) la fram følgjande merknad til tilstandsrapporten for grunnskulen i Masfjorden:

- Utveksling av språkkompetansen mellom skulane i kommunen bør kunne nyttast, slik at alle elevar får eit likeverdig og godt tilbod i høve overgangen til den vidaregåande skulen.

Framlegg til vedtak frå formannskapet med merknaden frå Ap vart samrøystes vedteke.

### **KS - 023/2016 VEDTAK:**

**Kommunestyret har gjort seg kjend med tilstandsrapporten for grunnskulen i Masfjorden for skuleåret 2014-15 og tek rapporten til orientering med følgjande merknader:**

- Utveksling av språkkompetansen mellom skulane i kommunen bør kunne nyttast, slik at alle elevar får eit likeverdig og godt tilbod i høve overgangen til den vidaregåande skulen.

---

## **024/2016: Kompetanseutviklingsplan for skulane 2016-19**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Kommunestyret godkjenner framlegget til kompetanseutviklingsplan for skulane for perioden 2016-19 slik det ligg føre.**

### **19.04.2016 FORMANNSKAPET**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Rådgjevar Alf Strand møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 043/2016 VEDTAK:**

**Kommunestyret godkjenner framlegget til kompetanseutviklingsplan for skulane for perioden 2016-19 slik det ligg føre.**

### **28.04.2016 KOMMUNESTYRET**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Rådgjevar for oppvekst Alf Strand møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

### **KS - 024/2016 VEDTAK:**

**Kommunestyret godkjenner framlegget til kompetanseutviklingsplan for skulane for perioden 2016-19 slik det ligg føre.**

---

## **025/2016: Framlegg til reguleringsendring Storkupa hyttefelt i Stordalen**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Masfjorden kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12 framlegg til mindre reguleringsendring for Storkupa hyttefelt i Stordalen.**

**Revidert plankart skal få påført omsynssone for flaum.**

### **19.04.2016 FORMANNSKAPET**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 045/2016 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12 framlegg til mindre reguleringsendring for Storkupa hyttefelt i Stordalen.**

**Revidert plankart skal få påført omsynssone for flaum.**

### **28.04.2016 KOMMUNESTYRET**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

### **KS - 025/2016 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12 framlegg til mindre reguleringsendring for Storkupa hyttefelt i Stordalen.**

**Revidert plankart skal få påført omsynssone for flaum.**

---

## **026/2016: Revisjon av alkoholpolitisk handlingsplan for 2016 - 2020**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

**Framlegg til alkoholpolitisk handlingsplan vert vedteke slik den ligg føre vedlagt.**

### **19.04.2016 FORMANNSKAPET**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Frode Langhelle (H) sette fram følgjande endringsforslag til pkt 1.4:

Gebyr vert sett til kr. 340,- for mindre einskildarrangement og lokale tilstellingar. Gebyr vert sett til kr. 1.000,- for større einskildarrangement som omfattar heile kommunen, festivalar, kulturdagar, kraftspel etc.

#### Røysting:

Framlegg frå H var røysta opp mot rådmannen sitt framlegg. Framlegg frå H vart vedteke tilrådd til kommunestyret mot to stemmer (KrF og Sp).

### **FS - 039/2016 VEDTAK:**

**Framlegg til alkoholpolitisk handlingsplan vert vedteke slik den ligg føre vedlagt med følgjande endring i vedlegget for pkt 1.4:**

**Gebyr vert sett til kr. 340,- for mindre einskildarrangement og lokale tilstellingar. Gebyr vert sett til kr. 1.000,- for større einskildarrangement som omfattar heile kommunen, festivalar, kulturdagar, kraftspel etc**

### **28.04.2016 KOMMUNESTYRET**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Siri Tangedal Kratsmeier (KrF) ba om at ordbruken i pkt 4.3 vart oppdatert i høve ordbruken i lova; dvs at ein nyttar alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3 i staden for omgrepene øl, vin og brennevin.

Kratsmeier peika og på at klokkeslettet i pkt 4-4 var feil. Det må stå ... til kl 02:00 dagen etter. Rådmannen sa at formuleringa ... til kl 03:00 dagen etter er slik det har stått i tidlegare planar.

KrF opprettheldt rådmannen sitt framlegg i pkt 3-4 med grunngjeving henta frå pkt 4.2 om at avgifter som vert betalt til kommunen for alkoholomsetning, skal øyremerkast til haldningsskapande arbeid. Rådmannen gjorde merksam på at det var NAV som disponerte gebyrinntektene.

Jon Hope (KrF) gjorde merksam på skrivefeil i framlegg til vedtak frå formannskapet 1-4 skal vere 3-4. Hope ba og om at det vart røysta over alle punkta i handlingsplanen kvar for seg

Frode Langhelle (H) opprettheldt formannskapet sitt framlegg.

Røysting:

Det vart først røysta over pkt 1 og 2 kvar for seg - deretter dei neste pkt samla med framlegget frå formannskapet sett opp mot rådmannen sitt framlegg.

pkt 1 vart samrøystes vedteke.

pkt 2 vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå formannskapet vart vedteke mot 6 røyster (Sp, V, KrF og H (Atle Nordland)).

**KS - 026/2016 VEDTAK:**

**Framlegg til alkoholpolitisk handlingsplan vert vedteke slik den ligg føre vedlagt med følgjande endring i vedlegget for pkt 3-4:**

**Gebyr vert sett til kr. 340,- for mindre einskildarrangement og lokale tilstellingar. Gebyr vert sett til kr. 1.000,- for større einskildarrangement som omfattar heile kommunen, festivalar, kulturdagar, kraftspel etc**

---

## **027/2016: Oppatning av salsløyve for alkohol for perioden 2016 - 2020**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

- 1. Salsløyve for alkoholgruppe 1(inntil 4,7 volumprosent) vert tildelt:**

<b>Geir Ove Matre, 5984 Matredal</b>	- Joker Haugsvær i Haugsværtunet
<b>Marianne Ulvatn, 5986 Hosteland</b>	- Spar Hosteland i Nordbygda Senter
<b>Marit Krossøy, 5981 Masfjordnes</b>	- Daglegvarebutikken i Andvikgrend
<b>Kariann Ekren, 5981 Masfjordnes</b>	- Kvingo Nærkjøp AS
<b>Anita Tepstad, 5981 Masfjordnes</b>	- Sandnesbutikken AS

- 2. Som styrar og avløysar vert desse godkjend:**

**Joker Haugsvær;**

**Geir Ove Matre, 5984 Matredal - Marit Instefjord, 5983 Haugsvær (avløysar)**

**Spar Hosteland;**

**Marianne Ulvatn, 5986 Hosteland - Magnar Ulvatn, 5986 Hosteland (avløysar)**

**Nærbutikken Tomas Krossøy;**

**Marit Krossøy, 5981 Masfjordnes - Rigmor Haugsdal, 5981 Masfjordnes (avløysar)**

**Nærbutikken Kvingo;**

**Kariann Ekren, 5981 Masfjordnes**

**Nærbutikken Sandnes;**

**Anita Tepstad, 5981 Masfjordnes**

- 3. Det vert gjort unntak for kravet til avløysar for Nærbutikken Kvingo og Nærbutikken Sandnes v/Anita Tepstad, jfr. alkohollova § 1-7c, 1. ledd.**
- 4. Løyvet gjeld for kvardagar frå kl. 09.00 - 20.00 og dagar før helgedagar frå kl. 09.00 - kl. 18.00 i samsvar med alkoholpolitisk handlingsplan pkt 5.1.**
- 5. Løyveperioden gjeld frå og med 01.04.2016 til og med 31.03.2020 jfr. alkohollova § 1-7.**
- 6. Vilkår: Innlevert skatteattest for Kvingo Nærkjøp AS og Spar Hosteland innan 19.04.2016.**

### **Heimel**

Alkohollova med forskrifter.

## **19.04.2016 FORMANNSKAPET**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøsytes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 041/2016 VEDTAK:**

- 1. Salsløyve for alkoholgruppe 1 (inntil 4,7 volumprosent) vert tildelt:**  
**Geir Ove Matre, 5984 Matredal**      - **Joker Haugsvær i Haugsværtunet**  
**Marianne Ulvatn, 5986 Hosteland**      - **Spar Hosteland i Nordbygda Senter**  
**Marit Krossøy, 5981 Masfjordnes**      - **Daglegvarebutikken i Andvikgrend**  
**Kariann Ekren, 5981 Masfjordnes**      - **Kvingo Nærkjøp AS**  
**Anita Tepstad, 5981 Masfjordnes**      - **Sandnesbutikken AS**
  
- 2. Som styrar og avløysar vert desse godkjend:**  
**Joker Haugsvær;**  
**Geir Ove Matre, 5984 Matredal - Marit Instefjord, 5983 Haugsvær (avløysar)**
  
- Spar Hosteland;**  
**Marianne Ulvatn, 5986 Hosteland - Magnar Ulvatn, 5986 Hosteland (avløysar)**
  
- Nærbutikken Tomas Krossøy;**  
**Marit Krossøy, 5981 Masfjordnes - Rigmor Haugsdal, 5981 Masfjordnes (avløysar)**
  
- Nærbutikken Kvingo;**  
**Kariann Ekren, 5981 Masfjordnes**
  
- Nærbutikken Sandnes;**  
**Anita Tepstad, 5981 Masfjordnes**
  
- 3. Det vert gjort unntak for kravet til avløysar for Nærbutikken Kvingo og Nærbutikken Sandnes v/Anita Tepstad, jfr. alkohollova § 1-7c, 1. ledd.**
  
- 4. Løyvet gjeld for kvardagar frå kl. 09.00 - 20.00 og dagar før helgedagar frå kl. 09.00 - kl. 18.00 i samsvar med alkoholpolitisk handlingsplan pkt 5.1.**
  
- 5. Løyveperioden gjeld frå og med 01.04.2016 til og med 31.03.2020 jfr. alkohollova § 1-7.**
  
- 6. Vilkår: Innlevert skatteattest for Kvingo Nærkjøp AS og Spar Hosteland innan 19.04.2016.**

### **Heimel**

Alkohollova med forskrifter.

## **28.04.2016 KOMMUNESTYRET**

Wenke Fredheim Ekren spurte om ho var ugild i denne saka. Det vart samrøystes vedteke at Ekren var ugild.

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart vedteke mot 1 røyst (KrF (Jon Hope)) samrøystes vedteke .

### **KS - 027/2016 VEDTAK:**

- 1. Salsløyve for alkoholgruppe 1 (inntil 4,7 volumprosent) vert tildelt:**  
**Geir Ove Matre, 5984 Matredal**      - Joker Haugsvær i Haugsværtunet  
**Marianne Ulvatn, 5986 Hosteland**      - Spar Hosteland i Nordbygda Senter  
**Marit Krossøy, 5981 Masfjordnes**      - Daglegvarebutikken i Andvikgrend  
**Kariann Ekren, 5981 Masfjordnes**      - Kvingo Nærkjøp AS  
**Anita Tepstad, 5981 Masfjordnes**      - Sandnesbutikken AS
  - 2. Som styrar og avløysar vert desse godkjend:**  
**Joker Haugsvær;**  
**Geir Ove Matre, 5984 Matredal - Marit Instefjord, 5983 Haugsvær (avløysar)**
  - Spar Hosteland;**  
**Marianne Ulvatn, 5986 Hosteland - Magnar Ulvatn, 5986 Hosteland (avløysar)**
  - Nærbutikken Tomas Krossøy;**  
**Marit Krossøy, 5981 Masfjordnes - Rigmor Haugsdal, 5981 Masfjordnes (avløysar)**
  - Nærbutikken Kvingo;**  
**Kariann Ekren, 5981 Masfjordnes**
  - Nærbutikken Sandnes;**  
**Anita Tepstad, 5981 Masfjordnes**
- 3. Det vert gjort unntak for kravet til avløysar for Nærbutikken Kvingo og Nærbutikken Sandnes v/Anita Tepstad, jfr. alkohollova § 1-7c, 1. ledd.**
  - 4. Løyvet gjeld for kvardagar frå kl. 09.00 - 20.00 og dagar før helgedagar frå kl. 09.00 - kl. 18.00 i samsvar med alkoholpolitisk handlingsplan pkt 5.1.**
  - 5. Løyveperioden gjeld frå og med 01.04.2016 til og med 31.03.2020 jfr. alkohollova § 1-7.**
  - 6. Vilkår: Innlevert skatteattest for Kvingo Nærkjøp AS og Spar Hosteland innan 19.04.2016.**

### **Heimel**

Alkohollova med forskrifter.

---

## **028/2016: Oppatning av skjenkeløyver for perioden 2016 - 2020**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

1. Nye skjenkeløyve vert tildelt desse løyvehavarane v/dagleg leiar:  
Hans Henrik Fanebust, 5936 Manger – Stordalen Oppleving  
Anita Tepstad, 5981 Masfjordnes – Sandneskafeen AS
2. Desse vert godkjend som styrar og avløysarar for skjenkeløyvet:  
Stordalen fjellstove – Styrar: Sissel Trædal,  
Avløysar: Hans Henrik Fanebust, 5936 Manger  
Sandneskafeen AS – Styrar: Anita Tepstad, 5981 Masfjordnes.  
Fritak for avløysar.
3. Løyvet omfattar desse lokala/uteareal:  
Stordalen fjellstove:
  - 1. etg. med altan, bar/pub i kjellaretasje og minibar på overnattingsrom
  - Uteområde under altan utanfor matsal. Utgang og tilgang til arealet under altan er utgang frå bar/danseplass i kjellar. Skjenkeareal innandørs 525 kvm. Skjenkeareal utandørs 120 kvm.
  - Tal sitteplassar innandørs er 250, medan tal sitteplassar utandørs er 60Sandneskafeen:
  - Hovudlokale 1. etasje ca. 100 m2.
  - Uteområdet ca. 100 m2 med merka område i inngjerda og skjerma hage.
4. Løyva gjeld for øl og vin og vert gjeve alle dagar frå kl. 13.00 til kl. 01.00. Overnattingssaden Stordalen fjellstove får brennevinsløyve frå kl. 13.00 til kl. 24.00.
5. For slutta selskap gjeld utvida løyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 slik:  
Alle skjenkestader frå kl. 13.00 til kl. 02.00.
6. Det er eit vilkår at det vert matservering i både pubdel og kafeteriadelen av lokala.
7. Skjenkeløyvet gjeld frå og med 01.04.2016 til og med 31.03.2020, jfr. alkohollova § 1-7.
8. Vilkår: Innlevert skatteattest for Stordalen Oppleving innan 19.04.2016

### **Heimel**

Alkohollova med forskrifter

### **19.04.2016 FORMANNSKAPET**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

**FS - 040/2016 VEDTAK:**

1. Nye skjenkeløyve vert tildelt desse løyvehavarane v/dagleg leiar:  
Hans Henrik Fanebust, 5936 Manger – Stordalen Oppleving  
Anita Tepstad, 5981 Masfjordnes – Sandneskafeen AS
2. Desse vert godkjend som styrar og avløysarar for skjenkeløyvet:  
Stordalen fjellstove – Styrar: Sissel Trædal,  
Avløysar: Hans Henrik Fanebust, 5936 Manger  
Sandneskafeen AS – Styrar: Anita Tepstad, 5981 Masfjordnes.  
Fritak for avløysar.
3. Løyvet omfattar desse lokala/uteareal:  
Stordalen fjellstove:
  - 1. etg. med altan, bar/pub i kjellretasje og minibar på overnattingsrom
  - Uteområde under altan utanfor matsal. Utgang og tilgang til arealet under altan er utgang frå bar/danseplass i kjellar. Skjenkeareal innandørs 525 kvm. Skjenkeareal utandørs 120 kvm.
  - Tal sitteplassar innandørs er 250, medan tal sitteplassar utandørs er 60Sandneskafeen:
  - Hovudlokale 1. etasje ca. 100 m<sup>2</sup>.
  - Uteområdet ca. 100 m<sup>2</sup> med merka område i inngjerda og skjerma hage.
4. Løyva gjeld for øl og vin og vert gjeve alle dagar frå kl. 13.00 til kl. 01.00. Overnattingssstaden Stordalen fjellstove får brennevinsløyve frå kl. 13.00 til kl. 24.00.
5. For slutta selskap gjeld utvida løyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 slik:  
Alle skjenkestader frå kl. 13.00 til kl. 02.00.
6. Det er eit vilkår at det vert matservering i både pubdel og kafeteriadelen av lokala.
7. Skjenkeløyvet gjeld frå og med 01.04.2016 til og med 31.03.2020, jfr. alkohollova § 1-7.
8. Vilkår: Innlevert skatteattest for Stordalen Oppleving innan 19.04.2016

**Heimel**

Alkohollova med forskrifter

**28.04.2016 KOMMUNESTYRET**

Ordførar Karstein Totland (H) sa om at han var aksjeeigar i Sandneskafeen og meinte seg ugild i saka.

Varaordførar Torill Torsvik Størkersen overtok møteleiinga.

Atle Nordland (H) og Bjarte Andvik (H) sa at dei og var aksjeeigarar i Sandneskafeen og meinte seg ugilde i saka.

Det vart samrøystes vedteke at Totland, Nordland og Andvik var ugilde i saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart vedteke mot ei røyst (KrF (Jon Hope)).

**KS - 028/2016 VEDTAK:**

1. Nye skjenkeløyve vert tildelt desse løyvehavarane v/dagleg leiar:  
Hans Henrik Fanebust, 5936 Manger – Stordalen Oppleving  
Anita Tepstad, 5981 Masfjordnes – Sandneskafeen AS
2. Desse vert godkjend som styrar og avløysarar for skjenkeløyvet:  
Stordalen fjellstove – Styrar: Sissel Trædal,  
Avløysar: Hans Henrik Fanebust, 5936 Manger  
Sandneskafeen AS – Styrar: Anita Tepstad, 5981 Masfjordnes.  
Fritak for avløysar.
3. Løyvet omfattar desse lokala/uteareal:  
Stordalen fjellstove:
  - 1. etg. med altan, bar/pub i kjellretasje og minibar på overnattingsrom
  - Uteområde under altan utanfor matsal. Utgang og tilgang til arealet under altan er utgang frå bar/danseplass i kjellar. Skjenkeareal innandørs 525 kvm. Skjenkeareal utandørs 120 kvm.
  - Tal sitteplassar innandørs er 250, medan tal sitteplassar utandørs er 60Sandneskafeen:
  - Hovudlokale 1. etasje ca. 100 m<sup>2</sup>.
  - Uteområdet ca. 100 m<sup>2</sup> med merka område i inngjerda og skjerma hage.
4. Løyva gjeld for øl og vin og vert gjeve alle dagar frå kl. 13.00 til kl. 01.00. Overnattingssstaden Stordalen fjellstove får brennevinsløyve frå kl. 13.00 til kl. 24.00.
5. For slutta selskap gjeld utvida løyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3 slik:  
Alle skjenkestader frå kl. 13.00 til kl. 02.00.
6. Det er eit vilkår at det vert matservering i både pubdel og kafeteriadelen av lokala.
7. Skjenkeløyvet gjeld frå og med 01.04.2016 til og med 31.03.2020, jfr. alkohollova § 1-7.
8. Vilkår: Innlevert skatteattest for Stordalen Oppleving innan 19.04.2016

**Heimel**

Alkohollova med forskrifter

---

**029/2016: Samarbeidsavtale om administrativt vertskommunesamarbeid innanfor felles bestandsplanområde for hjort i Gulen og Masfjorden kommune**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Masfjorden kommune godkjenner vedlagde framlegg til samarbeidsavtale om administrativt vertskommunesamarbeid innanfor felles bestandsplanområde for hjort i Gulen og Masfjorden kommune.**

**Rådmannen får fullmalt til å gjera mindre revideringar i avtalen om det skulle verta naudsynt.**

**28.04.2016 KOMMUNESTYRET**

Ordførar orienterte kort og saka vart drøfta.

Leiar i teknisk utval John Torsvik (H) forklarte litt om bakgrunnen for saka.

Framlegg til vedtak vart samråystes vedteke.

**KS - 029/2016 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune godkjenner vedlagde framlegg til samarbeidsavtale om administrativt vertskommunesamarbeid innanfor felles bestandsplanområde for hjort i Gulen og Masfjorden kommune.**

**Rådmannen får fullmakt til å gjera mindre revideringar i avtalen om det skulle verta naudsynt.**

---

**030/2016: Takstvedtekter for sakkunnig nemnd og sakkunnig klagenemnd -  
eigedomsskattepliktige eigedommar i Masfjorden kommune**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Framlegg til takstvedtekter for sakkunnig nemnd og sakkunnig klagenemnd –  
eigedomsskattepliktige eigedomar i Masfjorden kommune vert vedtatt slik dei ligg føre i  
saksvedlegget, og legg føringa på det formelle takseringsarbeidet i kommunen.**

**16.03.2016 FORMANNSKAPET**

Ordførar Karstein Totland orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FS - 035/2016 VEDTAK:**

**Framlegg til takstvedtekter for sakkunnig nemnd og sakkunnig klagenemnd –  
eigedomsskattepliktige eigedomar i Masfjorden kommune vert vedtatt slik dei ligg føre i  
saksvedlegget, og legg føringa på det formelle takseringsarbeidet i kommunen.**

**28.04.2016 KOMMUNESTYRET**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

**KS - 030/2016 VEDTAK:**

**Framlegg til takstvedtekter for sakkunnig nemnd og sakkunnig klagenemnd –  
eigedomsskattepliktige eigedomar i Masfjorden kommune vert vedtatt slik dei ligg føre i  
saksvedlegget, og legg føringa på det formelle takseringsarbeidet i kommunen.**

---

**031/2016: Val av felles sakkunnig nemnd og felles klagenemnd for egedomsskatt -  
Masfjorden kommune og Modalen kommune**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Felles fagkunnig nemnd for egedomsskatt for valbolken 2015 – 2019 er:**

leiar	personleg vara
nestleiar	personleg vara
medlem	personleg vara

**Felles klagenemnd for egedomsskatt for valbolken 2015 – 2019 er:**

leiar	personleg vara
nestleiar	personleg vara
medlem	personleg vara

**Felles taksvedtekter for sakkunnig nemnd og klagenemnd for egedomsskatt vert vedteke slik dei  
ligg føre.**

**18.04.2016 VALNEMNDA**

Leiar i valnemnda Janne-Judith Kvamsdal Sandnes (FrP) sende over følgjande vedtak etter telefonmøte:

Takstnemnd:

Leiar: Audun Eidsnes  
Nestleiar: Bjørn Rune Kvinge  
Medlem: Kurt Henning Oppedal

Vara: Grete Haugsvær  
Vara: Aud Helen V. Daae  
Vara: Britt Farestveit

Klagetakstnemnd:

Leiar: Bjørnar Vik  
Nestleiar: Håkon Birkeland  
Medlem: Hallgeir Neset

Vara: Lars Elling Haugsvær  
Vara: Lillian Andvik  
Vara: Anders Brørvik

Valnemnda hadde følgjande kommentar til eige vedtak:

Vedlagt er valnemnda i Masfjorden si innstilling til takstnemnd og klagetakstnemnd. Dette er sett opp i samsvar med tilbakemeldingar frå Modalen. Vi har ikkje klart å oppfylle kjønnskvoteringa, då det har vore vanskeleg å finne damer som er villig til å påta seg dette vervet. Vi har likevel klart å finne 4 damer som vara, noko valnemnda er glad for. Valnemnda har primært sett på kvalifikasjonar, og vi meiner å ha funne godt kvalifiserte nemnder.

**VA - 001/2016 VEDTAK:**

**Felles sakkunnig nemnd for egedomsskatt for valbolken 2015 – 2019 er:**

leiar	Audun Eidsnes	personleg vara	Grete Haugsvær
nestleiar	Bjørn Rune Kvinge	personleg vara	Aud Helen V. Daae
medlem	Kurt Henning Oppedal	personleg vara	Britt Farestveit

**Felles klagenemnd for egedomsskatt for valbolken 2015 – 2019 er:**

leiar	Bjørnar Vik	personleg vara	Lars Elling Haugsvær
nestleiar	Håkon Birkeland	personleg vara	Lillian Andvik
medlem	Hallgeir Nesi	personleg vara	Anders Brørvik

**28.04.2016 KOMMUNESTYRET**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort.

Framlegg til vedtak frå valnemnda vart samrøystes vedteke.

**KS - 031/2016 VEDTAK:**

**Felles sakkunnig nemnd for egedomsskatt for valbolken 2015 – 2019 er:**

leiar	Audun Eidsnes	personleg vara	Grete Haugsvær
nestleiar	Bjørn Rune Kvinge	personleg vara	Aud Helen V. Daae
medlem	Kurt Henning Oppedal	personleg vara	Britt Farestveit

**Felles klagenemnd for egedomsskatt for valbolken 2015 – 2019 er:**

leiar	Bjørnar Vik	personleg vara	Lars Elling Haugsvær
nestleiar	Håkon Birkeland	personleg vara	Lillian Andvik
medlem	Hallgeir Nesi	personleg vara	Anders Brørvik

---

## **032/2016: Årsmelding kraftfondet 2015**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

**Årsmelding kraftfondet 2015 vert teken til vitring. Unytta midlar 2015 vert nytta/disponert med inntil 100.000 slik at kommunen har fullfinansiert sin medfinansieringsdel utbetring av Fv92 v/Krokavassdammen. Resterande sum vert nytta til ekstraordinære tiltak kommunale vegar i 2016**

### **19.04.2016 KRAFTFONDSSTYRET**

Rådmannen orienterte kort og saka vart drøfta.

Frode Langhelle (H) sette fram følgjande tillegg til vedtak:

.... om f.eks Stordalsvegen.

Framlegg til vedtak med tillegg frå H vart samråystes tilrådd til kommunestyret.

### **KRFT - 003/2016 VEDTAK:**

**Årsmelding kraftfondet 2015 vert teken til vitring. Unytta midlar 2015 vert nytta/disponert med inntil 100.000 slik at kommunen har fullfinansiert sin medfinansieringsdel utbetring av Fv92 v/Krokavassdammen. Resterande sum vert nytta til ekstraordinære tiltak kommunale vegar i 2016 som f.eks Stordalsvegen.**

### **28.04.2016 KOMMUNESTYRET**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen sa at heile den kommunale kostnaden på 300 000 med utbetring av fv 92 v/Krokevassdammen må inn i vedtaksteksten.

Framlegg til vedtak frå kraftfondstyret med korrigeringa frå rådmannen vart samråystes vedteke.

### **KS - 032/2016 VEDTAK:**

**Årsmelding kraftfondet 2015 vert teken til vitring. Unytta midlar 2015 vert nytta/disponert med inntil 300.000 slik at kommunen har fullfinansiert sin medfinansieringsdel utbetring av Fv92 v/Krokavassdammen. Resterande sum vert nytta til ekstraordinære tiltak kommunale vegar i 2016 som f.eks Stordalsvegen.**

---

## **033/2016: Forvaltningsrevisjon**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Kommunestyret prioriterte følgjande område for forvaltningsrevisjon i denne kommunestyreperioden 2015-2019;

1. kommunen som skuleeigar – ressursbruk, tilbod og skulemiljø
2. organisering, drift og ressursbruk og vedlikehald av kommunale bygg og anlegg
3. etikk – korleis arbeidar kommunen med problemstillingar knytt til etikk og varsling i organisasjonen?

Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å endre på prioriteringane og eventuelt velje andre prosjekt dersom dette skulle vere meir aktuelt.

### **28.04.2016 KOMMUNESTYRET**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Leiar i kontrollutvalet Arthur Sjursen (AP) forklarte kort om bakgrunnen for vedtaket i kontrollutvalet.

Framlegg til vedtak vart samråystes vedteke.

### **KS - 033/2016 VEDTAK:**

Kommunestyret prioriterte følgjande område for forvaltningsrevisjon i denne kommunestyreperioden 2015-2019;

1. kommunen som skuleeigar – ressursbruk, tilbod og skulemiljø
2. organisering, drift og ressursbruk og vedlikehald av kommunale bygg og anlegg
3. etikk – korleis arbeidar kommunen med problemstillingar knytt til etikk og varsling i organisasjonen?

Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å endre på prioriteringane og eventuelt velje andre prosjekt dersom dette skulle vere meir aktuelt.

---

**034/2016: Finansrapportering pr. 31.12.2015**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Finansrapportering pr. 31.12.2015 vert teken til vitring**

**19.04.2016 FORMANNSKAPET**

Rådmannen Svein Helge Hofslundsengen orienterte kort.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

**FS - 046/2016 VEDTAK:**

**Finansrapportering pr. 31.12.2015 vert teken til vitring**

**28.04.2016 KOMMUNESTYRET**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

**KS - 034/2016 VEDTAK:**

**Finansrapportering pr. 31.12.2015 vert teken til vitring**

---

## **035/2016: Årsmelding for Masfjorden kommune 2015**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Årsmeldinga 2015 for Masfjorden kommune vert teken til vitring**

### **19.04.2016 FORMANNSKAPET**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 047/2016 VEDTAK:**

**Årsmeldinga 2015 for Masfjorden kommune vert teken til vitring**

### **28.04.2016 KOMMUNESTYRET**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

### **KS - 035/2016 VEDTAK:**

**Årsmeldinga 2015 for Masfjorden kommune vert teken til vitring**

---

## **036/2016: Årsrekneskap 2015 - Masfjorden kommune**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

**Årsrekneskapen 2015 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre.  
Driftsrekneskapen syner eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 2 990 716,42.**

**Rekneskapsmessig mindreforbruk vert disponert slik: a) kr 1 137 923,52 vert sett av til fond for urealisert gevinst finansplassering, b) kr 1 100 000 vert sett av til fond for flykningar, c) kr 527 792,90 vert nytt til finansiering av tidlegare års udekka investeringar, d) kr 225 000 vert nytt til velferdstiltak for tilsette.**

### **19.04.2016 FORMANNSKAPET**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Økonomisjef Kristian Moen møtte til denne saka og svarte på spørsmål.

Frode Langhelle (H) / formannskapet signaliserte at ein kjem attende med eit endringsframlegg i kommunestyret for å prioritere meir midlar til opprusting av kommunal veg.

Framlegg til vedtak vart samråystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 048/2016 VEDTAK:**

**Årsrekneskapen 2015 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre.  
Driftsrekneskapen syner eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 2 990 716,42.**

**Rekneskapsmessig mindreforbruk vert disponert slik: a) kr 1 137 923,52 vert sett av til fond for urealisert gevinst finansplassering, b) kr 1 100 000 vert sett av til fond for flykningar, c) kr 527 792,90 vert nytt til finansiering av tidlegare års udekka investeringar, d) kr 225 000 vert nytt til velferdstiltak for tilsette.**

### **28.04.2016 KOMMUNESTYRET**

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Økonomisjef Kristian Moen og revisor Reidar Bjørsvik møtte til denne saka.

Økonomisjef Kristian Moen gjekk kort gjennom rekneskapen og svara på spørsmål.

Leiar i Kontrollutalet Arthur Sjursen (AP) gjekk gjennom kontrollutvalet sin uttale til saka.

Frode Langhelle (H) ba om gruppemøte for å kome fram til eit endringsforslag for disponering av overskotet.

Langhelle la fram eit felles endringsframlegg frå H og FrP:

Rekneskapsmessig mindreforbruk vert disponert slik:

- a) kr 637 923 til fond for urealisert gevinst finansplassering
- b) kr 500 000 til investering kommunale vegar
- c) kr 1 100 000 vert sett av til fond for bustadformål
- d) kr 527 792,50 vert nytt til finansiering av tidlegare års udekka investeringar
- e) kr 225 000 vert nytt til velferdstiltak for tilsette

Ber rådmannen komme tilbake med eige sak: Bedre vedlikehald av kommunale vegar på omfang og finansiering innan juni 2016.

Egil Kvingedal (V) opprettheld rådmannen sitt framlegg med siste pkt frå endringsframlegget til H og FrP som eit tillegg.

Røysting:

Pkt a til e frå endringsframlegget frå H og FrP vart røysta opp mot rådmannen sitt framlegg (pkt a til d). Framlegget frå H og FrP fall med 8 mot 9 røyster (Ap, Sp, V og KrF).

Det vart så røysta over første punkt i framlegg til vedtak frå rådmannen saman med siste pkt i endringsframlegget frå H og FrP. Desse pkt vart samrøystes vedteke.

**KS - 036/2016 VEDTAK:**

**Årsrekneskapen 2015 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre.  
Driftsrekneskapen syner eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 2 990 716,42.**

**Rekneskapsmessig mindreforbruk vert disponert slik: a) kr 1 137 923,52 vert sett av til fond for urealisert gevinst finansplassering, b) kr 1 100 000 vert sett av til fond for flykningar, c) kr 527 792,90 vert nytt til finansiering av tidlegare års udekka investeringar, d) kr 225 000 vert nytt til velferdstiltak for tilsette.**

Ber rådmannen komme tilbake med eige sak: Bedre vedlikehald av kommunale vegar på omfang og finansiering innan juni 2016.

---

## **037/2016: Referatsak**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Referatsaker vert tekne til orientering

### **28.04.2016 KOMMUNESTYRET**

#### Referatsaker:

1. Masfjorden kontrollutval - møteutskrift og særutskrift frå møtet 18.04.16

#### Spørsmål:

John Torsvik (H) stilte følgjande spørsmål:

«TUML ynskjer å vere aktive i høve tilrettelegging og oppstart av bustader. I den samanheng vil ein be rådmannen fremje ei sak til kommunestyret snarast på oppstart av husvære på Duesundøy.»  
Spørsmål: Vil rådmannen fremje ei sak for kommunestyret om husvære på Duesundøy, og evt. når vil det verte fremja?

Ordførar Karstein Totland (H) gjorde kort greie for kva kommunen har av prosjekt knytt til bustadbygging og status for einskilde av prosjekta.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen viste til investeringsprosjekta vedteke i økonomiplanen og sa at nye investeringsprosjekt må takast i juni når budsjett, handlingsplan og økonomiplan skal opp til handsaming.

Egil Kvingedal minna om strandryddedagen 7.mai og oppfordra kommunestyret til å delta.

### **KS - 037/2016 VEDTAK:**

Referatsaker vert tekne til orientering

---

Rett utskrift av møteprotokoll frå kommunestyret 28.04.16 vert vitna:

---

Karstein Totland  
ordførar

---

Egil Kvingedal  
kommunestyremedlem

---

Hildegunn Bjånes  
Kommunestyremedlem